

SIM nytt

2/2019

NOVEMBER • ÅRGANG 26



SIM

Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Kva skjer med avfallet?

Les meir på side 4 og 5.

Tips til ei miljøvennleg jul

Les meir på side 8.

Klart for innsamling av glas- og metall- emballasje

Ny henteordning frå januar 2020.


Les meir på side 2 og 3.

Ny henteordning frå

I januar startar SIM henting av glas- og metallemballasje der du bur, og i den samanheng er alle våre abonnentar no i ferd med å få utdelt ein ny dunk.

Den blir levert på **staden der du vanlegvis set ut bosdunkane dine for tømning, og vil vera merkt med adressa di og gards- og bruksnummer.**

Det er viktig at du tar med deg den nye dunken din heim, slik at han ikkje kjem på avvege og slik at du er klar for den nye ordninga. Det er 21 000 dunkar som skal plasserast ut, men SIM har starta utkøyringa av dunkar, og vil halda fram med dette ut året.



Kvifor gjer SIM dette?

Mange renovasjonsselskap har allereie innført henteordning for glas- og metallemballasje. I SIM gjer me no det same, og årsakene er:

- Mengdene av glas- og metallavfall aukar. Noko av årsaka er meir bruk av eingongsflasker og færre flasker med pant.
- Plukkanalysar frå våre hushaldskundar viser at det kjem inn svært mykje glas og metall i restavfallet.
- Erfaring viser at ei henteordning aukar sorteringa med opp mot 50 %. Ein god del kundar vel i dag å heller kasta glas- og metallemballasje i restdunken enn å bringa han til våre mange returpunkt.
- Energigjennvinningsanlegga melder at dei vil innføra forbod og straffegebyr for glas i brennbart restavfall, då smelta glas øydelegg komponentar i omnane.

- EU og Miljødirektoratet i Norge har kome med krav til auka materialattvinning. Innan 2035 skal 65 % av alt me kastar materialgjennvinnast (nyttast om att).
- Tilbakemeldingar frå kundane våre viser at mange ynskjer denne ordninga.

«Eg treng ikkje ein dunk til»


Det kan vera du tenkjer at du ikkje har bruk for den oransje dunken, men dei aller, aller fleste av oss har litt glas- og metallemballasje me må bli kvitt. Det kan vera eit syltetøyglas, ei brusflaske me ikkje får panta, ein boks makrell i tomat, ein leverposteiboks, ei aluminiumsform det har vore fisk i eller liknande.



Slik vert den nye ordninga:

Dunkane vert tømde kvar 8. veke. Alle dunkar er merkte med A- eller B- rute. Det vil seia at dunken skal settast ut i den veka det er A- eller B-rute.

I tømmekalenderen, eller i SIM-appen, vil du sjå om din dunk skal settast ut på A- eller B-rute.




januar 2020

Høve til å dela dunk

Dersom du har liten plass, eller har lite glas- og metallemballasje, kan du dela dunk med ein nabo. Tre naboar kan dela ein 140 liters dunk, medan ni naboar kan gå saman om ein 660 liters dunk.

Dei abonnentane som allereie deler papirdunk i dag, har blitt sett opp med delt dunk for glas- og metallemballasje. Ta kontakt dersom du ynskjer å endra dette!




Fjerner glasigloar

Alle SIM sine returpunkt for glas og metallemballasje («igloar») vert fjerna etter nyttår. For våre hyttekundar vil det bli sett ut nye 660 liters dunkar på enkelte returpunkt for hyttekonteinarar. Desse er **berre** meint for hytteabonnentar.

Kostar det noko?

For den minste dunken (140 liter) er prisen 125 kroner per år. Prisen for ein 660 liters dunk er 575 kroner per år.



Kva skal i dunken?

I den oransje dunken skal du som hovudregel kasta *rein* glas- og metallemballasje som det var mat eller drikke i då du kjøpte produktet på butikken.

✓ Ja takk

Som hovudregel rein glas- og metallemballasje som det har vore mat eller drikke i, som t.d.:

Glasflasker, glaskrucker, hermetikkboksar, mjuke metallboksar, aluminiumsfolie, øl- og brusboksar utan pant, metalllok, metallkorkar, metalltubar, telyskapslar.



✗ Nei takk

- Tilgrisa glas- og metallemballasje.
- Glas- og metallemballasje det har vore farleg avfall i.
- Anna glas og metall som ikkje er emballasje, som t.d.:
Porselen, keramikk, krystall, eldfaste former, speglar, vindaugsglas, lyspærer, malingsspann, steikepanner, gryter, bestikk, bildelar.



Skyl

Skyl glas- og metallemballasjen i kaldt vatn, og dra gjerne kjapt over med oppvaskbørsten.



Tørk

Rist av vatnet slik at emballasjen er nokolunde tørt.



Kast

Kast emballasjen i den nye dunken med oransje lok som du har fått hos SIM. På hentedagen plasserer du dunken ut som vanleg, slik at bosbilen kan hente avfallet. Sjå tømme kalender og app for kva tid din dunk skal ut.

Merk: Dersom glas- og metallemballasjen er tilgrisa, skal den i restavfallet.

Kva skjer med avfallet?

Har du lurt på kva som skjer med avfallet ditt etter at du har kasta det i dunken eller levert det på miljøsentralen? Me gir deg svara, med fokus på dei to «nye» avfallsgruppene som har blitt innlemma i henteordninga til SIM: Glas- og metallemballasje og plastemballasje.

Andre fraksjonar:



Restavfallet:

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Deretter vert det sendt til energigjenvinning ved ulike anlegg i Noreg eller Sverige. Restavfall frå SIM- kommunane vert i stor grad energigjenvunne ved anlegg i Bergen eller på Austlandet. Transporten ein nyttar til frakt av avfallet er stort sett returtransportar. Det vil seia bilar som allereie er i vårt område og som skal tilbake.



Reint treverk:

Reint treverk vert nytta i SIM sitt komposteringsanlegg.



Papiravfallet:

Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Deretter vert det sendt til materialgjenvinning, der det vert til nytt papp eller papir. Papiret vert sendt til ulike fabrikkar der det vert laga nytt papir. Trykksverte, lim, og stiftar vert fjerna. Drikkekartongar vert frakta til Sverige, der dei mellom anna vert laga om til pizza- og cornflakesøskjer. Dersom du skyl- brettar og stappar seks kartongar i ein kartong og skriv namnet ditt på den sjuande så er du med i returkartonglotteriet. «Kubben» kan du leggje i papirdunken saman med anna papp og papir.



Glas- og metallemballasje

Glas- og metallemballasjen vert sendt til Sirkel sitt gjenvinningsanlegg i Fredrikstad, der glas og metall vert sortert frå kvarandre. Glaset vert sendt med båt til glasverk i Danmark eller lengre sør i Europa for omsmelting til ny glasemballasje. Glaset med lågast kvalitet vert råvare for Glasopor skumglas, eit byggemateriale som ofte vert brukt som isolasjon i nye vegar. I E6-tunnelen i Øyer ved Hunderfossen, køyrer du til dømes på Glasopor.

Metallemballasjen vert resirkulert til nye boksar, sykklar, kleshengarar, bilfelgar og liknande. Frå Fredrikstad blir aluminium sendt til smelteverk i Europa for omsmelting til ny aluminium.

Når til dømes aluminium vert gjenvunne og nytta i produksjon av nye ting, brukar ein 95 % mindre energi enn ved produksjon av heilt nytt metall frå fjell og berg.



Plastemballasje

I SIM sender me plastemballasjen til godkjent mottak for materialgjenvinning via Grønt Punkt Norge, som driftar dei norske returordningane for plastemballasje, kartong og drikkekartong. Grønt Punkt opplyser at plasten går til oppsamling og pressing, før han vert frakta til store sorteringsanlegg i Nord-Tyskland.

I dag er det få anlegg som kan gjenvinna plast i Noreg, difor vert den sendt til Europa for sortering og materialgjenvinning. Grønt Punkt krev at anlegga dei sender plasten til dokumenterer kvar han faktisk endar opp.

I 2018 vart plastemballasjen materialgjenvunnen til nye produkt i desse landa: Tyskland 79 %, Belgia 8 %, Polen 6 %, Nederland 3 %, Estland 2%, Finland 1 %. Dei resterande mengdene (alle under 1% kvar) gjekk til Østerrike, Storbritannia, Litauen, Bulgaria og Italia.



Bioavfallet:

Vert køyrt til SIM sitt komposteringsanlegg i Svartasmåget, Fitjar. SIM produserer kvart år fleire tusen tonn god kompostjord og plenblanding som vert seld ved alle våre miljøsentralar.



EE-avfall:

Vert sendt til godkjent mottak for EE-avfall, der komponentar som kan gjenvinnast vert henta ut, og sortert. Miljøfarlege komponentar vert handsama på forsvarleg måte.



Farleg avfall:

Vert sendt til forsvarleg slutthandsaming ved godkjent mottak, anten til destruksjon eller deponering.



Impregnert treverk og ureint treverk:


Vert lasta om på SIM sitt anlegg på Heiane. Deretter vert det sendt til energiggjenvinning ved ulike anlegg i Noreg eller Sverige. Transporten ein nyttar til frakt av avfallet er stort sett returtransport. Det vil seia bilar som allereie er i vårt område og som skal tilbake.



Ikkje brennbar rest:

Dette er avfall som ikkje kan nyttast til materialgjenvinning eller energiggjenvinning. Avfallet vert difor køyrt til SIM sitt deponi i Svartasmåget, Fitjar. Avfall som vert deponert skal ikkje innehalda organisk materiale.





Søk midlar frå SIM sitt miljøfond

I 2014 selde SIM dotterselskapet SIM Næring. Det vart vedteke i representantskapet at ein skulle opprette eit miljøfond. Fondet sin verdi var ved utgangen av 2018 om lag 51 millionar kroner.

SIM sitt miljøfond skal gå til tiltak som på ulikt vis gjev betre miljø for innbyggjarane i eigarkommunane til selskapet. Miljø er summen av alle faktorar som menneska er omgjevne og påverka av. Alle kan søkja midlar frå fondet.

Årleg søknadsfrist: 31. desember.

Les meir og søk på sim.as/miljofond



Ny tid

7. oktober 2019 flytta SIM administrasjonen til Heiane på Stord.

26 år i Svartasmoget på Fitjar er dermed historie for denne avdelinga i selskapet. Ti tilsette har fått ny kontorplass, og selskapet har fått gode lokale for skuleklassar og etterlengta auka møteromskapasitet. Selskapet har òg fått samlokalisert administrasjonen med fleire

avdelingar der store deler av drifta går føre seg.

Mykje av korrespondansen med våre kundar går via telefon/digitalt, men det vil no vera lettare å ta turen innom kundemottaket. Opningstidene er frå 08.00–15.30, måndag til fredag.

Det vil framleis vera drift av miljøsentral, kompostanlegg og deponi i Svartasmoget, Fitjar, der tre tilsette har sin arbeidsplass.

Bruk blanke sekker på miljøsentralen!

Halvfulle malingsspann, batteri, mobiltelefonar, lyspærer – dette er berre nokre døme på produkt som inneheld miljøgifter og skal leverast som farleg avfall eller EE-avfall, men som likevel vert putta i svarte, ugjennomsiktige bossekker og kasta i brennbar rest-konteinarane på SIM sine miljøsentralar. All erfaring viser at terskelen for å kasta slikt avfall saman med restavfall er lågare dersom sekken er ugjennomsiktig. For at me skal sikre



Kast restavfallet i blank sekk. Slik vert det enklare for både deg og kunderettleiarane våre.

best kvalitet på avfallet vårt, oppfordrar me difor alle våre kundar til å nytta seg av blanke sekker til restavfallet.

SPØRSMÅL OG SVAR:

Kva konsekvensar har dette for meg som kunde?

Ikkje anna enn at du bruker blanke sekker til restavfallet i staden for svarte.

Kan eg bruke SIM sine sekker for plastemballasje?

Nei. Desse sekkene er berre meint for plastemballasje, ikkje restavfall.

Kvar får eg tak i blanke sekker?

På alle SIM sine miljøsentralar. Sekkene er gratis. Du kan også kjøpa blanke sekker andre stader.

Kva skjer dersom eg kjem på miljøsentralen med svart sekk?

Då kan det henda at kunderettleiarane våre ønskjer å kontrollera sekken. Du kan òg bli ilagt ekstra gebyr.

Viktig oppdatering av appen







Hugs:

Ingen tømme kalender i posten

Me minnar om at tømme kalenderen ikkje lenger vert sendt ut til alle husstandar. SIM oppmodar dei som har høve til det å nytta våre digitale løysingar, som appen eller nettsider. **Det vil likevel vera fullt mogeleg å få papiirutgåva av tømme kalenderen for dei av våre abonnentar som ynskjer det.**

Då har ein fleire alternativ:

-  Du kan printe ut ein versjon frå våre nettsider sim.as
 -  Du kan hente tømme kalender ved ein av våre miljøsentralar
 -  Du kan hente tømme kalender på rådhuset/kommunehuset
 -  Du kan be SIM sende ein kalender til deg i posten.
- Kontakt oss på tlf. 53 45 78 50 eller e-post: sim@sim.as



Me er i ferd med leggje tilrette for at SIM-appen skal gje varsling om kva tid den nye dunken for glas- og metallemballasje skal setjast ut.

Denne versjonen vil vera klar i løpet av november. SIM vil då sende ut eit varsel i appen om at den må oppdaterast.


Må oppdaterast før 1. januar 2020.

Du må vente med å oppdatere appen til du får dette varselet, *men det er viktig at du oppdaterer appen etter at du har fått varselet.*

Dersom du ikkje oppdaterer appen vil den ikkje varsle deg om rett tømmedag.

Ikkje skaffa deg appen?

Last ned SIM-appen ved å søkja på «SIM tømme kalender» i **Google Play™** eller **App Store®**.



SENDAR:

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord

OFFENTLEG INFORMASJON**0 JUL MED DIN GLEDE**

Gode tips for ei miljøvennleg jul

Jula er ikkje berre høgtid med hygge og gode tradisjonar, det er også ei tid for overforbruk og sløsing med ressursar. Her får du sortere.no sine 17 beste tips til korleis du kan gjera jula meir miljøvenleg.

1. Sløkk lyset og tenn svanemerkte stearinlys
2. Drikk vatn frå springen
3. Vel juleprodukt utan palmeolje
4. Pakk inn julegåvene med miljøvennleg papir
5. Gi julegaver utan mikroplast
6. Ha ein kjøttfri dag i jula
7. Fyr opp peisen på rett måte
8. Bruk handlenett eller brukte posar i juleshoppinga
9. Planlegg matinnkjøpa og unngå for store porsjonar
10. Bruk juleantrekket frå i fjor, eller byt med vener
11. Et restemat i romjula
12. Gjenvinn alt av glasflasker og metallboksar



13. Lag ønskeliste til jul
14. Kjeldesorter på julekvelden
15. Spleis på julegaver
16. Lever juletreet på miljøsentralen
17. Gi miljøvennlege julegaver



Miljøvennleg julekalender

Les meir om dei ulike råda på sortere.no/jul. Her kan du òg lasta ned ein miljøvennleg julekalender med opplevingar bak lukene, noko som garantert vil gi glade born (og foreldre) i adventstida.

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00

Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april-30. sept.:

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.-31. mars.:

Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Meatjønnsvegen 43
N-5412 Stord
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM